

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - X26	15/199

Saknr	Utval	Type	Dato
117/2015	Formannskapet	PS	20.10.2015
085/2015	Kommunestyret	PS	28.10.2015

### Framlegg til ny kriseplan for Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

Framlegg til kriseplan Masfjorden kommune 13.10..2015\_Utan varslingsliste (3)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kriseplan for Masfjorden kommune dagsett 13.10,2015 vert godkjent.

Rådmannen får fullmakt til å revidera planen ved behov, jf. § 15 i Lov om kommunal beredskapsplikt.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Alle kommunar skal ha ein kriseplan (beredskapsplan) i medhald av lov om

kommunal beredskapsplikt (Sivilbeskyttelsesloven) og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Kriseplanen skal skildra eit sett med oppgåver for kriseleiinga, og kven som har ansvar for kva.

Planen skal og innehalda plan for evakuering og ressursoversyn.

Det skal og vera ei oppdatert varslingsliste med i plandokumentet.

I § 4 i forskrift om kommunal beredskapsplikt står det m.a. at kommunen med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen skal utarbeide ein overordna beredskapsplan som samordnar og integrerer andre beredskapsplanar i kommunen.

Kriseplanen skal som eit minimum innehalda:

a) ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kriseleiinga til kommunen og leiinga sitt ansvar, roller og fullmakter, samt kven som har

fullmakt til å avgjera om/når kriseleiinga skal samlast.

b)ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i kommunen si krisehandtering. Kommunen skal informera alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa.

c)ein ressursoversikt som skal innehalda opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådvelde, og kva ressursar som er tilgjengelege hjå andre aktørar ved uønska hendingar. Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under kriser.

d)evakueringsplan og plan for varsling til innbyggjarane basert på den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen.

e)plan for krisekommunikasjon med innbyggjarane, media og egne tilsette.

Krav til innhald og oppdatering/revisjon av kriseplanen går fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt sin § 6, 2. ledd: *Kommunen sin kriseplan skal til ei kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år.*

Etter tilsyn den 10. mars kom Fylkesmannen i Hordaland med tilråding om at Masfjorden kommune utarbeider ein heilt ny overordna beredskapsplan frå botnen av med ei tredeling: administrativ del, operativ del og vedleggsdel. Vidare meinte Fylkesmannen at planen bør vera funksjonsorientert, slik at ein får på plass naudsynte avklaringar knytt til roller og ansvar.

### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at framlegget til ny kriseplan dagsett 13.10.2015 no skal vera i samsvar med krava gjeve i lov om kommunal beredskapsplikt sin § 15 og etter forskrift om kommunal beredskapsplikt. Framlegget til ny kriseplan skildrar både oppgåver for kriseleiinga, og kven som har ansvar for kva. Den inneheld og plan for evakuering og ressursoversyn, samt ei oppdatert varslingsliste. Vidare vil ein vise til at administrasjonen samstundes har jobba med ny overordna risiko og sårbaranalyse for Masfjorden kommune, og at begge desse dokumenta i eige møte den 22.09.2015 er vorte drøfta i beredskapsrådet til kommunen.

### **Konklusjon:**

Rådmannen meiner at kommunestyret i medhald av lov om beredskapsplikt sin § 15 kan godkjenna framlegg til ny kriseplan for Masfjorden kommune, og at dokumentet vil vera teneleg om ei uønska hending skulle skje. Det er viktig at plandokumentet vert redigert/ revidert med jamne mellomrom, slik at det til ei kvar tid skal vera oppdatert med rette personar og oppdatert i høve kommuneorganisasjonen og når andre endringar skjer.

## **Konklusjon**

### **Formannskapet - 117/2015**

#### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Kriseplan var ikkje utsendt-presentasjon/gjennomgang av Sveinung Toft i møte.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

- **Kriseplan for Masfjorden kommune dagsett 13.10,2015 vert godkjent.**
- **Rådmannen får fullmakt til å revidera planen ved behov, jf. § 15 i Lov om kommunal beredskapsplikt.**

### **Kommunestyret - 085/2015**

#### **KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

#### **Røysting:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

- **Kriseplan for Masfjorden kommune dagsett 13.10,2015 vert godkjent.**
- **Rådmannen får fullmakt til å revidera planen ved behov, jf. § 15 i Lov om kommunal beredskapsplikt.**

